

Møteprotokoll

| | |
|------------------|--------------------------------|
| Utval: | Arbeidsutval toppidrett |
| Møtestad: | Fjernmøte/videomøte |
| Dato: | 23.10.2020 |
| Tid: | 09:00-11:50 |

Følgjande faste medlemer møte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------------|----------|-----------------------|
| Karianne Alette Torvanger | Medlem | A |
| Rosalind Fosse | Medlem | FRP |
| Knut Songve | Medlem | Vestland idrettskrets |
| Pia Mørk Andreassen | Medlem | Olympiatoppen Vest |

Frå administrasjonen møte:

| Namn | Stilling |
|-------------------------|---|
| Bjørn Lyngedal | Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse |
| Birthe Andersen Haugen | Seksjonssjef, stab, opplæring og kompetanse |
| Rune Lindgren | Rektor, Stend vgs |
| Unn Fauskanger | Rektor, Voss gymnas |
| Jan Tønder Taule | Avdelingsleiar, Hafstad vgs |
| Merethe Helland Nordnæs | Spesialrådgjevar/møtesekretær |

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Arkiv- saksnr | U.Off |
|-------------------|---|------------------|-------|
| GK 1/20 | Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling | | |
| GK 2/20 | Godkjenning av møteprotokoll | | |
| PS 1/20 | Politiske saker Arbeidsutval toppidrett - møte 23.10.2020 | | |

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i arbeidsutval toppidrett - 23.10.2020

Vedtak

Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i arbeidsutval toppidrett - 23.10.2020

Det vart sendt ut referat frå møte den 19.10.2020 i arbeidsutvalet toppidrett.

Leiar i møtet den 19.10.2020: Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Referent i møtet den 19.10.2020: Birthe Andersen Haugen, seksjonssjef, stab, opplæring og kompetanse.

Vedtak

Referatet fra møtet den 19.10.2020 vart godkjent med merknaden ovanfor.

Politiske saker

PS 1/20 Arbeidsutval toppidrett - møte 23.10.2020

Saksprotokoll i arbeidsutval toppidrett - 23.10.2020

Arbeidsutvalet drøfta ulike løysingar for organisering av toppidrettstilbodet i Vestland, samt finne løysingar på dagens utfordringar knytt til regelverket for inntak.

Fylkesdirektør v/opplæringsavdelinga vil følgje opp med ein politisk sak som skal behandlast på møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 25.11.2020 og på møte i fylkesutvalet den 26.11.2020.

På grunnlag av arbeidet i gruppa ser ein fleire moglege alternative løysingar for organisering av toppidrettstilbod/spissa idrettstilbod i Vestland fylkeskommune:

- Søkarar til vg1 studiespesialisering, klasse «merka» toppidrett, ved Tertnes vgs får inntak etter karakterane.
- Utdanningsprogrammet idrettsfag blir tilbod ved Tertnes vgs.
- Etablering av «spissa idrettstilbod» for utvalde idrettar ved skular rundt i fylket. Val av idrett og skule må ta utgangspunkt i geografiske «tyngdepunkt» for idrettane. Fleire vidaregåande skular vil, i lag med idrettsklubbar, bli senter for spissa idrettssatsing.